



REVISJON AV SAMARBERIDSAVTALEN 2025

REFERAT

Møteleiar Stian Endresen
 Referent Oddvar Marøy
 Møtenummer 2/2023
 Dato 19.04.2023 kl 12.30
 Stad Teams

FORHANDLINGSUTVALET

Stian Endresen
 Oddvar Marøy
 2/2023
 19.04.2023 kl 12.30
 Teams

Organisasjon	Medlemar	Møtt
Helse MR HF	Kjetil Lundberg – HR-direktør Jan Rino Austdal - jurist Eli Otterlei - samhandlingssjef Trude Gudbrandsen Solenes - Kvalitetsrådgjevar	X X X X
Kommunane i M&R	Kjetil Leirbekk – kommunalsjef Averøy kommune Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde kommune forfall Jan Morten Dahle – kommunalsjef Hustadvika kommune Guri Hasund Reiten – jurist Ålesund kommune Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forv.kontor Volda kommune	X X X X
Brukarepresentantar	Paula Næss Skår - brukarepresentant HMR Elin Reinaas – brukarepresentant kommuner (taems)	X X
Praksiskonsulent	Stian Endresen - praksiskonsulent	X
KS-representantt	Marianne Aasen KD-nettverket	X
Sekreteriat	Karethe Kristoffersen Aam – Rådgjevar Helse MR HF Oddvar Marøy - Samhandlingskoordinator søre Sunnmøre	X X

SAKSLISTE

Sak nr	Sak
10/23	<p>Velkommen</p> <p>To nye medlemar i forhandlingsutvalet, Kjetil Lundberg og Trude Solenes, begge frå HMR. I tillegg møter vara frå kommunene, Jan Morten Dale. Referat frå møte 29.03.23 vert godkjent</p>
11/23	<p>Utnemning av vararepresentantar HMR, kommunar samt vara for brukarepresentantar</p> <p>Saka var til behandling i møte 29.03.2023 der følgjande vedtak vart gjort:</p> <p>1 HMR, kommunane og brukarepresentantane vert internt samde kvar seg om oppnemning av kvar sin vararepresentant.</p> <p>2 Vararepr. har kun møterett ved forfall.</p> <p>Det har vist seg at ordlyden i vedtaket opnar for ulik forståing av innhaldet. Forskjellen gjeld tolking av om partane skulle velje ein eller fleire vararepresentantar, noko som har medført ulike tiltak for oppnemning. Frå dialogen var det likevel fleirtal for at vararepresentantar kun møter når det er meldt om forfall og at ein ikkje såg det tenleg å ha vararepresentantar som</p>

Helsefellesskap Møre og Romsdal



	<p>møter utan god kjennskap til prosess og innhaldet i sakane forhandlingsutvalet jobber med.</p> <p>Helseføretaket har ut frå si forståing valt å peike ut to vararepresentantar, medan kommunesida har støtt Romsdal sin utpeikte representant utan å velje fleire. Brukarrepresentantane har så langt valt ein representant.</p> <p>Ut frå drøftingane i møte er det aksept for å ha fleire vararepresentantar frå kvar samanslutning, når ein varetok at aktuell vararepresentant er godt orientert om innhald og prosess i arbeidet og kun møter ved forfall.</p> <p>Tatt til vitande : Helse Møre og Romsdal har valt desse 2 representantane: 1.vara Perny Oksnes 2. vara Siri Talseth-Frilund Kommunane har valt Jan Morten Dale. Behov for å få avkla om Nordmøre også gir aksept til dette. Frå brukarane er Anne Helene Skare spurd og takka ja til å vere vararepresentant. Ho vil då kunne representer begge brukarrepresentantane ved forfall frå ein av desse, om dette etter avklaring vert akseptert.</p>
12/23	<p>Korleis byggje opp/revidere samarbeidsavtalen?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Semje om å bygge vidare på eksisterande avtale? <p>Semje frå begge partar at det er hensiktmessig å bygge på eksisterande samarbeidsavtale.</p> <p>Informasjon om påbegynt arbeid med oversetting av avtaleteksta til nynorsk, medførte diskusjonar om dette var hensiktmessig og kvar dette er bestemt. Spm om målform er eiga sak i møte, sjå sak 15/23. Forhandlingsutvalet ser det rett at valt målform vert brukt gjennom forhandlingane for å unngå tolkingsspørsmål seinare. Avgjerala om målform er vedteke av SSU i møte i november 2022. Frå drøftinga kom det m.a fram spm om ressursbruk for å gjennomføre omsetting, lojalitet til vedtak i SSU, mandat for SSU til å avgjera målform og forhandlingsutvalet sitt høve til å velje målform sjølv.</p> <p>Det vart og trekt fram at tolking av tvistesakene ved bruk av ulike målformer, kan medføre uheldige tolkingsvariasjonar.</p> <p>Sjå meir på sak 15/23</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva må leggast til/ bli utbedra for å imøtekommne krav til avtalens innhald jf.høyningsutkast § 6-2 iny rettleiarfor samarbeidsavtalar mellom helseføretak og kommunar(Helsedirektoratet) <p>Viser til ny utarbeidd veileder, særleg pkt 12 (utvikling og planlegging) og 13 (barn og unge). Korleis vareta desse punkta i samarbeidsavtalen ? Dei første 11 pkt var også del av forrige avtale.</p> <p>Dei nye punkta, 12 og 13, vert i stor grad varetatt i avtalt struktur og gjennom dei faglege samarbeidsutvala, men behov for noko tydleggjering.</p> <p>Vurdere om tema «barn og unge» skal gjerast i ny delavtale.</p> <p>Utfordrande å sikre på tydleg måte alle dei prioriterte pasientgruppene.</p>

Helsefellesskap Møre og Romsdal



	<p>Kan tema barn og unge kunne sjåast i samanheng med eksisterande delavtale 2 som i stor grad omhandlar dei prioriterte pasientgruppene ? Fokus på barn og unge er i stor grad varetatt i eksisterande avtale eller i handlingsplan til FSU Barn og unge. Må vege mot kvarandre kva som er hensiktsmessig mellom oppretting av nye delavtaler eller ta inn nye punkt i eksisterande avtale. Må vere varsom med å lage nye delavtalar.</p> <p>Vedtak : Ny delavtale for barn og unge vert vurdert å lage. Sjå også kulepkt om dette lengre nede.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rette førespurnad til faglege utval om å revidere delavtale 2,3,4,5 og 6 <p>Det vart drøfta om eksisterande samarbeidsstruktur er tenleg og svarer ut oppdraget som helsefellesskapet skal vareta. Særleg fokus på lokala samarbeidsutval (LSU) og dei 12 faglege samarbeidsutvala. Kan nokre utval ha anna status ? Kan nokre utval slåast saman ? Kan nokre utval vere arbeidsgruppe under eit av FSU ? Dette vert å drøfte nærmare på møtet i mai.</p> <p>Vedtak : Sekretariatet sender spm til FSU om innspel til revidering av delavtale 2,3,4,5 og 6. Delavtale 6 sendast til både FSU beredskapsplaner og FSU akuttmedisinsk kjede.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere behov for å rette førespurnad til fagleg utval for barn og unge om å opprette ny delavtale/retningslinefor samarbeid om helse-og omsorgstenester til barn og unge med samansette vanskar og lidingarjf. punkt 13 i § 6-2i rettleiar <p>Vedtak : Spm til FSU Barn og unge om oppretting av eigen delavtale eller ta inn særskilte omsyn til barn og unge i eksisterande delavtale 1.</p>
13/23	<p>Partane legg fram sine ambisjonar/krav for samarbeidsavtalen 2025</p> <p>Kommunane : Godt språk som ikkje gir rom for tolkingar. Avklarande og eit godt arbeidsreiskap med ei god oppbygging. Gjenspegle at avtalen er inngått mellom likeverdige partar som varetok partane sine oppdrag, samstundes som ein utviklar tenlege samarbeidsområde. Sakleg i forhandlingane og at tidsplanen vert halden. Erkjenning av at pågåande tvistesake kan prege samarbeidsklimaet og vil få konsekvensar for avtaleinnhaldet. Viktig at ein bygg tillit og kan stole på kvarandre. Det som blir sagt bør telje like mykje som det skriftlege, men erfaring viser at det vert ekstra viktig at det som vert skriftleggjort er tydeleg. Ei erkjenning av at dagens avtale på enkelte pkt ikkje er tilstrekkeleg avklarande mellom partane.</p> <p>Brukarrepresentantar: Viktig at brukarerfaringar får prege utforming av avtalen.</p>

Helsefellesskap Møre og Romsdal



	<p>Strukturen i helsefellesskapet bør vurderast, mange utval og krevjande å delta.</p> <p>Praksiskonsulent: Helsefellesskapet må vidareutviklast og brukast til å betre samhandling.</p> <p>Helse Møre og Romsdal: Ventar på avklaring i tvisteløysingsnemnda som kan avklare enkelte spm. I dagens avtale. Vi går inn i ny avtaleperiode med nye myligheter. Det er kort tid sidan avtalen vart vedtatt og ein bør avgrense og ha fokus på å gjere kun nødvendige endringar. Hovudavtalen bør gjennomgåast, særleg samarbeidsstrukturen med FSU, og mandata til utvala. Kan tal utval reduserast? Kanskje vurdere andre nye utval? Kan enkelte utval erstattast med fagråd med anna status enn FSU? Strukturen med 12 utval er krevjande. Må legge til grunn innsendte evalueringar. Avvikshandtering og forbedringsarbeid bør fornankrast tydlegare. Korleis handtere usemje og tvistar. Her er ikkje dagens avtale fullgod. Spm om forhandlingsutvalet også kan ha rolle utover revisjonsarbeidet her. Må erkjenne at å vere i forhandlingar også medfører ulike interesser både i høve økonomi og ansvarsfordeling. Ønskeleg at avtalen tydlegare nærmer seg forskrift i spm som gjeld inn og utskriving og betaling for utskrivingsklare pasientar. Epikrisekravet og avtaler knytt til reinnleggningar må vurderast. Desse spm er utfordrande.</p> <p>Dagens avtale har kun virka i vel 2 år, men mykje har endra seg, nye krav og IKT-løysingar m.v.</p> <p>Arbeidsplan og arbeidsmetode. Korleis planlegge særleg dei fysiske todagarssamlingane? Gode førebuingar før møta/samlingane er ein nøkkel til å kome i mål. Det må likevel sikrast rom for drøfting og forhandling. Kommunene har ei særskilt utfordring med å sikre forankring hos dei ein representerer. Oppfordrer til at mest mogleg vert avklara før ein møter til forhandling. Partane vert oppfordra til å dele utkast til endringar med andre i forhandlingsutvalet. Ferieavvikling kan vanskeleggjere ynskt lokal forankring til oppstart etter ferien. Partane bør ha klare drøftingsdokument 17/8 til møte 24/8. Epikrisekrav er eit parameter som må kunne målast i høve måloppnåing.</p>
14/23	<p>Felles teams-område for forhandlingsutvalet</p> <p>Det er oppretta felles teamsområde. Ikkje alle har komt inn. Mogleg løysing er å velje rett organisasjon dersom ein har tilgang til fleire team.</p> <p>På teamsområdet er oppretta fleire mapper. Mappa «Dokument til deling» kan nyttast ved førebuing av dokument som ein ynskjer gjere kjent for kvanandre.</p> <p>Oddvar sender invitasjon til oppnemnde vararepresentantar. Dei som ikkje kjem inn på teamsområdet tek kontakt med Oddvar for utsjekk.</p>

Helsefellesskap Møre og Romsdal



15/23	<p>Vedtak om at målform for revidert samarbeidsavtale skal vere nynorsk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Mål om å omsetja gjeldande avtale til nynorsk før samling 11.-12-mai. • Arbeidet er påbyrja, måferdigstilla og kvalitetssjekkast av partane før samlinga i mai. <p>Sjå også sak 12/23 første kulepunkt. Sak om målform vart behandla og gjort vedtak om av SSU 16/11-2022 sak 41/22 pkt 5. Fleire i forhandlingsutvalet stiller spørsmål om målform og grunnlag for å velje nynorsk eller at ein skal endre målform. Helse Møre og Romsdal nyttar i dag nynorsk og kommunane i Møre og Romsdal har enten nynorsk eller kan velje målform. Det vert oppmoda om å konsultere Lena Waage i høve avtaletekst og innhald.. Oppfordring om å evt. sjekke språkrådet og språklov om føringar som bør følgjast.</p> <p>Vedtak : Forhandlingsutvalet ber samarbeidssekreteriatet fullføre oversetting. Revisjonen og nye avtalepunkt skal gjennomførast på nynorskversjonen. Omsett avtale vert å legge fram på møte i mai. Ved utsending av revisjonsframlegg frå FSU, skal dei oppmodast om å sende evt endringar på nynorsk.</p>
16/23	<p>Evt.</p> <p>Avslutning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møteleiar minner om samling i Ålesund 11.-12.05.23. • Partane møter førebudd til neste samling med ei skisse til eventuelle ønskte endringar i hovudavtalen <p>Til samlinga i Ålesund vert oppstart 1. dag kl 0900 og arbeid fram til kl 17.00. Legge inn pausemat kl 15.00 Ei god lunchpause gjer at ein kan halde på lenger. Viktig å nytte tida godt. Start om morgonen kl 08.30 andre dagen. Avslutter då med felles lunch. Dei som ynskjer overnatte må bestille sjølv, sjå tidlegare utsendt mail frå Karetthe. Oppfordrer alle til å ta del i felles middag på kvelden 11/5. Karetthe bestiller middag til kl 17.30.</p> <p>Hovudavtalen og delavtale 1 vert tema.</p>